

Skriftleg O-sak nr. 10/05

Energi- og miljøkomiteen
Stortinget

Sogn og Fjordane fylkeskommune
Askedalen 2, 6863 Leikanger
Sentralbord: 57 65 61 00

0026 OSLO

Sakshandsamar: Roar Nettet Tlf.dir.: 57 65 62 71 E.post: roar.nettet@sf-f.kommune.no

Vår ref. (nyttast ved korrespondanse)
Ark.nr.: 05/00016/L.nr: 000036/05 452

Dykkar ref.

Dato
LEIKANGER, 20.01.2005

ST.MELD. NR. 47 (2003-2004) INNOVASJONSVERKSEMDA FOR MILJØVENNLEGE GASSKRAFTTEKNOLOGIAR MV. - UTTALE

Vestlanderådet vil peike på følgjande saker som vil medverke til auka bruk av naturgass, og som vil vere særleg viktige for Vestlandet.

Aktiv statleg medverknad for distribusjon av naturgass til energi- industri og transportformål innanlands

Vestlandet er det området i landet som har kome lengst når det gjeld bruk av naturgass. Vi har gass ilandført i dei tre fylka Rogaland, Hordaland og Møre og Romsdal, og vil snart få ny ilandføring av gass i Møre og Romsdal. Nærleik til gassressursane er viktige føresetnader for eit effektivt distribusjonssystem. Dei beste mulegheiter for utvikling av infrastruktur, innovasjon og verdiskaping i industrien ligg på Vestlandet. Vestlandsrådet ser det som særskild viktig med ein gasspolitikk som stimulerer til vidare bruk av gassen på Vestlandet. Staten må bidra aktivt, også finansielt, til vidare utvikling av infrastruktur for distribusjon av naturgass på land både som LNG/CNG og ved rørtransport. Det må framleis gjevast avgiftsfritak for bruk av naturgass til alle transportføremål i eit langsiktig perspektiv, minst 10 år.

Det vert bygd gassrør over Boknafjorden, og det er planlagt rør frå Kollsnes til Mongstad og frå Nyhamna til Hustad/Fræna. Nye rør må dimensjonerast og leggjast slik at dei kan tene framtidige føremål. Dei ulike gassrøra bør bindast saman slik at naturgassen vert tilgjengeleg langs heile Vestlandskysten.

Utvikling av teknologi for miljøansvarleg utnytting av naturgass

Teknologi for utskilling og handtering av CO₂ er tilgjengelig men ikkje kommersiell. Staten må bidra til konkret utprøving av teknologi i industriell skala for reining av CO₂-utslipp frå gasskraftverk.

Injisering av CO₂ i oljefelt kan føre til auka utvinning av olje og lengre levetid for felt. Med dagens oljepris er slike prosjekt til og med bedriftsøkonomiske lønsame. Lengre feltlevetid



er viktig for verdiskapinga i regionen. Samstundes får samfunnet ut større delar av ressursane på sokkelen. Teknologien vil krevje nye investeringar i infrastruktur på felta, i CO₂-fangst og – transport. I tillegg får ein plassert store mengder CO₂. Vestlandsrådet meiner at staten må etablere rammevilkår som fører til at denne teknologien vert tatt i bruk.

Vestlandsrådet vil og peike på dei spanande perspektiv som er knytt til foredling av mineralressursar ved tilsetning av CO₂. Forsking på bruk av CO₂ som innsatsfaktor ved posessering av mineralressursar, m.a. anorthositt, rutil og olivin, bør prioriterast. Her har Noreg eit stort verdiskapingspotensiale der ein vil kunne innfri Stortinget sine føringar om å leggje vekt på industriutvikling i eit langsiktig perspektiv, samstundes som ein løyser ei global miljøutfordring.

Hovudmålsettinga i petroleumpolitikken må vere å utforme rammevilkår som opnar for langsiktig nasjonal verdiskaping

Med helsing

Nils R. Sandal
Nils R Sandal
Leiar i Vestlandsrådet

Mottakar (ar)
Energi- og miljøkomiteen Stortinget 0026 OSLO

Kopi til: Olje- og energidepartementet

Statens vegvesen
Vegdirektoratet
Postboks 8142 Dep
0033 OSLO

Skriftleg O-sak nr. 11/05

Bogn og Fjordane fylkeskommune
Askedalen 2, 6863 Leikanger
Telefon: 5745 61 00

Sakshandsamar: Ole Ingar Hæreid Tlf.dir.: 57 65 62 51 E.post: ole.hareid@sf-f.kommune.no

Vår ref. (nyttast ved korrespondanse)
Ark.nr.: 05/00014/L.nr: 000033/05

Dykkar ref.
2004/47165-032

Dato
LEIKANGER, 08.02.2005

Rammevilkår for bompengefinansiering

Eg viser til brev frå Vegdirektoratet av 08.12.2004 der resultata frå revisjonen av 12 bompengeselskap er gjort kjent. I brevet vert det samstundes informert om at rammevilkåra for bompengefinansiering skal justerast i ny forskrift.


I samband med arbeidet med dei framtidige rammevilkåra for bompengefinansiering vil eg minne om Stortinget sitt svar på forslaget om statleg bompengeinnkrevjing for utbygging av stamvegnettet i Nasjonal transportplan 2006-2015. Stortinget gav klart uttrykk for at bompengeinnkrevjinga framleis skal ha lokal/regional forankring, herunder initiering, eigarskap og styring.

Vestlandsrådet er oppteken av å utvikle effektive rammevilkår for organisering av bompengeinnkrevjinga og har mellom anna vedteke å greie ut ei løysing med større regionale bompengeselskap.

Rolla som eigar av bompengeselskap gjev fylkeskommunane eit særskilt ansvar i høve til å sikre effektiv drift og kapitalforvaltning, herunder at minst mogleg av bompengane vert nytta til administrasjon. Dette vil bli sentrale utfordringar i vurderinga av ei alternativ regional organisering av bompengeinnkrevjinga.

Vestlandsrådet ser det som nødvendig og viktig at det vert lagt opp til aktiv regional medverknad i arbeidet med forskrifta for bompengefinansiering. Eg ber derfor om eit møte med Vegdirektoratet for å drøfte arbeidsopplegget med den aktuelle forskrifta.

Med helsing


Nils R. Sandal
leiar



Mottakar (ar)

Statens vegvesen Vegdirektoratet Postboks 8142 Dep 0033 OSLO

Kopi til:

Fylkesordfører Roald Bergsaker, Rogaland fylkeskommune

Fylkesordfører Torill Selsvold Nyborg, Hordaland fylkeskommune

Fylkesordfører Nils R. Sandal, Sogn og Fjordane fylkeskommune

Fylkesordfører Jon Aasen, Møre og Romsdal fylkeskommune

Vestlandsrådet, Per Drageset

Vestlandsrådet, Roar Nesset

Vestlandsrådet, Signe Eikenes

Hordaland fylkeskommune v/ samferdslesjefen

Rogaland fylkeskommune v/ samferdslesjefen

Møre og Romsdal fylke v/ samferdsledirektøren

Det Kongelige Olje- og energidepartement
Postboks 8148 Dep.

0033 OSLO

Sogn og Fjordane fylkeskommune
Askedalen 2, 6863 Leikanger
Sentralbord: 57 65 61 00

Vår ref. (nyttast ved korrespondanse)
Ark.nr.: 05/00020/L.nr: 000064/05

Dykkar ref.

Dato
14.02.2005

Fråsegn i høve Statfjord senfase/Tampen link


Vestlandsrådet meiner at norsk rikgass må først i land og prosesserast i Noreg.

Det er ei nasjonal målsetting å auke verdiskapinga frå våre naturgassressursar. Terminal- og fraksjoneringsindustri tilfører gassen meirverdi og gjev grunnlag for mange arbeidsplassar i ilandføringsregionane og i norsk leverandørindustri. I norsk samanheng er dette ei stor næring med lang tidshorison, som også i framtida bør skje nasjonalt.

Eksport av rikgass, slik planane for Statfjord senfase/Tampen link legg opp til, vil redusere potensialet for innanlands verdiskaping og redusere grunnlaget for langsiktige arbeidsplassar i Noreg. Eksport vil også redusere vår kontroll over gassressursane.

Vestlandsrådet meiner at prinsippet om ilandføring av norsk rikgass til Noreg også må gjelde gass frå Statfjord.

Med helsing


Nils R. Sandal
Leiar i Vestlandsrådet



Skriftleg O-sak nr. 13/05

vestlandsrådet

www.vestlandsraadet.no

Adresseliste

Sogn og Fjordane fylkeskommune
Askedalen 2, 6863 Leikanger
Sentralbord: 57 65 61 00

Sakshandsamar: Roar Nettet Tlf.dir.: 57 65 62 71 E.post: roar.nettet@sf-f.kommune.no

Vår ref. (nyttast ved korrespondanse)
Ark.nr.: 05/00008/L.nr: 000067/05

Dykkar ref.

Dato
LEIKANGER, 16.02.2005

Opplegg for møtet mellom regionråda og byane på Vestlandet og Vestlandsrådet

Eg viser til brev datert 26.01.05 der det vart invitert til møte mellom regionråda og byane på Vestlandet og Vestlandsrådet.

Møtet vert halde

torsdag 3. mars kl. 10.00 – 15.30 på Bergen Kongressenter, Håkonsgt. 5, Bergen

På neste side finn de programmet for dagen.

Til nærare orientering i høve dei to tema som er planlagde, følger Handlingsplanen for Vestlandsrådet oppdatert etter dei siste endringane vedtekne av rådet i januar 2005. Vidare ligg det ved informasjon om utgreiinga "Eit eventuelt nytt folkevald nivå på Vestlandet".

Eg ber deltakarane melde frå til Gunn Vindedal, Hordaland fylkeskommune, tlf. 55239298, mailadr. Gunn.Vindedal@hordaland-f.kommune.no innan 1. mars.

Med helsing

Nils R. Sandal
Nils R Sandal
Leiar i vestlandsrådet

Vedlegg:
Mottakarar: Adresseliste



Møre og Romsdal fylke



Sogn og Fjordane fylkeskommune



Hordaland fylkeskommune



Rogaland fylkeskommune

Program 3. mars - møte med byane og regionråda

Første del	Samarbeid kring dei ulike satsingane i handlingsplanen
10.00 - 10.50	Innleiingar: Vestlandsrådet v/leiar Nils R Sandal Ryfylke IKS v/dagleg leiar Arne Kleppa Hardangerrådet v/ rådsordførar Jon Olav Heggseth Førde v/ordførar Nils Gjerland Ålesundsregionens utviklingsselskap
10.50 - 11.00	Kort pause
11.00- 12.00	Synspunkt og drøffingar
12.00 - 13.00	Lunch
13.00- 13.30	Framhald i drøffingane
Andre del	Utgreiing om eit eventuelt nytt folkevald nivå på Vestlandet
13.30 - 14.10	Innleiingar: Vestlandsrådet v/leiar Nils R Sandal Haugesund v/ordførar Petter Steen jr Stord v/ordførar Magne Rommetveit Nordfjorderådet v/leiar Anders Ryssdal
14.10 - 15.30	Synspunkt og drøffingar

Kopi til:

Adresseliste:

Stavanger kommune v/ordfører, Rådhuset, Haakon VII's gt 11, 4005 STAVANGER
 Sandnes kommune v/ordfører, Postboks 583 Sentrum, 4305 SANDNES
 Eigersund kommune v/ordfører, Postboks 580, 4379 Eigersund
 Haugesund kommune v/ordfører, Postboks 2160 HAUGESUND
 Jærrådet v/leiar, Hå kommune, Postboks 24, 4368 VARHAUG
 Ryfylke IKS v/leiar, 4130 HJELMELAND
 Dalanerådet v/leiar, Spinnerigt. 15, 4370 Eigersund
 Haugalandrådet v/leiar, Postboks 93, 4299 AVALDSNES
 KS Rogaland v/leiar, Postboks 539, 4003 STAVANGER
 Bergen kommune v/byrådsleder, Postboks 7700, 5020 BERGEN
 Bergen kommune v/byråd for byutvikling, Postboks 7700, 5020 BERGEN
 Voss kommune v/ordfører, Boks 145, 5701 VOSS
 Stord kommune v/ordfører, Postboks 304, 5402 STORD
 Hardangerrådet v/leiar, 5780 KINSARVIK
 Regionrådet Bergen og omland v/leiar, Postboks 7900, 5020 BERGEN
 Samarbeidsrådet for Sunnhordland v/leiar, Postboks 444, 5403 STORD
 Regionrådet Nordhordland IKS v/leiar, Postboks 13, 5902 ISDALSTØ
 KS Hordaland v/leiar, Postboks 7900, 5020 BERGEN
 Flora kommune v/ordfører, Postboks 13, 6901 FLORØ
 Førde kommune v/ordfører, Postboks 338, Hafstadv. 21, 6801 FØRDE
 Vågsøy kommune v/ordfører, Postboks 294, 6701 VÅGSØY
 Sogndal kommune v/ordfører, Postboks 153, 6851 SOGNDAL
 Nordfjorderådet v/leiar, Gloppen kommune, Firdavegen 6, 6823 SANDANE
 SIS v/leiar, Gaular kommune, 6973 SANDE I SUNNFJORD
 HAFS v/leiar, Hyllestad kommune, 6957 HYLLESTAD
 Sogn Regionråd v/leiar, Lærdal kommune, Postboks 83, 6886 LÆRDAL
 KS Sogn og Fjordane v/leiar Postboks 321, 6801 FØRDE
 Kristiansund kommune v/ordfører, Rådhuset, 6509 KRISTIANSUND
 Molde kommune v/ordfører, Rådhusplassen 1, 6413 MOLDE
 Orkidè v/Nordmøre Næringsråd, Postboks 161, 6501 KRISTIANSUND
 Ålesundsregionens utviklingsselskap v/Odd Løkvik, Rådhuset, 6025 ÅLESUND
 ROR V/Molde Næringsforum, Torget 4. 6413 MOLDE
 Samarbeidsorganet for kommunane på Søre Sunnmøre v/Per Ernst Lundberg, Kontoret for næringslivet i Volda, Storgt. 8, 6100 VOLDA
 KS Møre og Romsdal v/leiar, Julsundvn. 47 B, Fylkeshuset, 6404 MOLDE

Adresseliste

Sogn og Fjordane fylkeskommune
Askedalen 2, 6863 Leikanger
Sentralbord: 57 65 61 00

Sakshandsamar: Roar Nasset Tlf.dir.: 57 65 62 71 E.post: roar.nesset@sf-f.kommune.no

Vår ref. (nyttast ved korrespondanse)
Ark.nr.: 05/00008/L.nr: 000042/05

Dykkar ref.

Dato
LEIKANGER, 26.01.2005

INVITASJON TIL MØTE MELLOM REGIONRÅDA OG BYANE PÅ VESTLANDET OG VESTLANDSRÅDET

Vestlandsrådet inviterer med dette til møte mellom byane og regionråda på Vestlandet og rådet. Møtet er tenkt halde i Bergen 3. mars i tida 10.00 – 15.00 inkl. lunch. Vi vil i eit seinare brev kome attende med konkret møteplass og nærare agenda for møtet.

Møtet skal fokusere på samarbeid om viktige utviklingssaker for Vestlandet, og drøfting knytt til utgreiing av eit eventuelt nytt regionalt nivå på Vestlandet.

Vestlandsrådet tek sikte på å kome i ein forpliktande dialog om viktige utviklingssaker for Vestlandet med ulike aktørar. Det er alt halde møte med storbyane. På det komande møtet med dei andre byane/regionråda, ønskjer vi at ein skal informere kvarandre om viktige saker av felles interesse som det vert arbeidd med for tida. Frå Vestlandsrådet si side vil det vere naturleg at drøftinga tek utgangspunkt i dei prioriteringane Vestlandsrådet har gjort i sak 38/04, sjå vedlagt saksførelegg. Dette kan gje ei moglegheit for eit samarbeid i einskildsaker om viktige tema for Vestlandet. Her vil det vere naturleg at Vestlandsrådet også støttar oppunder lokale initiativ.



Samarbeidet med byane/regionråda bør i denne omgang primært vere på eit politisk plan med politiske saker.

Det vil også vere naturleg at rådet i møtet orienterer om status for utgreiing av eit eventuelt nytt regionalt nivå på Vestlandet.

Til orientering legg vi og ved kortversjonen av handlingsplanen for Vestlandsrådet.

Gjer vel og set av tid til møtet.
Vel møtt!

Med helsing

Nils R. Sandal
Nils R. Sandal
Leiar i Vestlandsrådet

Vedlegg: Saksførelegg i VR sak 04/05
Kortversjon av handlingsplanen for Vestlandsrådet

Mottakar (ar)
Adresseliste

Kopi u/vedlegg: Medlemmene i Vestlandsrådet

Adresseliste:

Stavanger kommune v/ordfører, Rådhuset, Haakon VII's gt 11, 4005 STAVANGER
 Sandnes kommune v/ordfører, Postboks 583 Sentrum, 4305 SANDNES
 Eigersund kommune v/ordfører, Postboks 580, 4379 EGERSTUND
 Haugesund kommune v/ordfører, Postboks 2160 HAUGESUND
 Jærrådet v/leiar, Hå kommune, Postboks 24, 4368 VARHAUG
 Ryfylke IKS v/leiar, 4130 HJELMELAND
 Dalanerådet v/leiar, Spinnerigt. 15, 4370 EGERSTUND
 Haugalandrådet v/leiar, Postboks 93, 4299 AVALDSNES
 KS Rogaland v/leiar, Postboks 539, 4003 STAVANGER
 Bergen kommune v/byrådsleder, Postboks 7700, 5020 BERGEN
 Voss kommune v/ordfører, Boks 145, 5701 VOSS
 Stord kommune v/ordfører, Postboks 304, 5402 STORD
 Hardangerrådet v/leiar, 5780 KINSARVIK
 Regionrådet Bergen og omland v/leiar, Postboks 7900, 5020 BERGEN
 Samarbeidsrådet for Sunnhordland v/leiar, Postboks 444, 5403 STORD
 Regionrådet Nordhordland IKS v/leiar, Postboks 13, 5902 ISDALSTØ
 KS Hordaland v/leiar, Postboks 7900, 5020 BERGEN
 Flora kommune v/ordfører, Postboks 13, 6901 FLORØ
 Førde kommune v/ordfører, Postboks 338, Hafstadv. 21, 6801 FØRDE
 Vågsøy kommune v/ordfører, Postboks 294, 6701 VÅGSØY
 Sogndal kommune v/ordfører, Postboks 153, 6851 SOGNDAL
 Nordfjordrådet v/leiar, Gloppen kommune, Firdavegen 6, 6823 SANDANE
 SIS v/leiar, Gaular kommune, 6973 SANDE I SUNNFJORD
 HAFS v/leiar, Hyllestad kommune, 6957 HYLLESTAD
 Sogn Regionråd v/leiar, Lærdal kommune, Postboks 83, 6886 LÆRDAL
 KS Sogn og Fjordane v/leiar Postboks 321, 6801 FØRDE
 Kristiansund kommune v/ordfører, Rådhuset, 6509 KRISTIANSUND
 Molde kommune v/ordfører, Rådhusplassen 1, 6413 MOLDE
 Ålesund kommune v/ordfører, Rådhuset, 6025 ÅLESUND
 Orkidè v/Nordmøre Næringsråd, Postboks 161, 6501 KRISTIANSUND
 Ålesundsregionens utviklingsselskap v/Odd Løkvik, Rådhuset, 6025 ÅLESUND
 ROR V/Molde Næringsforum, Torget 4. 6413 MOLDE
 Samarbeidsorganet for kommunane på Søre Sunnmøre v/Per Ernst Lundberg, Kontoret for næringslivet i Volda, Storgt. 8, 6100 VOLDA
 KS Møre og Romsdal v/leiar, Julsundvn. 47 B, Fylkeshuset, 6404 MOLDE

Sogn og Fjordane fylkeskommune
Askedalen 2, 6863 Leikanger
Sentralbord: 57 65 61 00
Sakshandsamar Roar Nesset
Tlf.dir.: 57 65 62 71
E.post:
roar.nesset@sf-f.kommune.no

Notat

Frå: Fylkesrådmannen

Vår ref. (nyttast ved korrespondanse)
Ark.nr.: 05/00026/L.nr: 000054/05

Dykkar ref.

Dato
LEIKANGER, 08.02.2005

Gjestelevsordninga

I møte i Vestlandsrådet 6. oktober 2004 sette Mette Holmefjord Olsen fram slikt oversendingsforslag:

”Vestlandsrådet ønskjer å sjå på gjestelevsordninga for å unngå at opplæringstilbodet for ungdom som bur i utkantane i vestlandsfylka, vert svekka grunna kostnadene ved kjøp og sal av plassar.”

Fylkesrådmannen har sett på korleis den enkelte fylkeskommune har praktisert sine ordningar om gjestelevar.

Rogaland og Hordaland

Hordaland og Rogaland fylkeskommunar har lenge hatt avtale om kjøp og sal av elevplassar i grenseområda mellom dei to fylka. Samarbeidet har vore regulert i ein avtale mellom fylka om kjøp av elevplassar etter satsar fastsett av Kommunenes Sentralforbund (KS). Avtalen fram til 2004 var frå 1996.

Etter at Ølen kommune vart ein del av Rogaland fylke, har Hordaland kjøpt langt fleire elevplassar frå Rogaland enn tidlegare. I praksis er det no slik at Rogaland berre kjøper frå 3-6 elevplassar ved Etne vidaregåande skule.

Hordaland kjøper 45-50 plassar ved Ølen vidaregåande skule og 170-180 elevplassar for elevar frå Sveio ved Haugesund-skulane.

Ein ny avtale tek utgangspunkt i at Hordaland betalar for færre elevplassar ved Ølen vidaregåande skule enn det som reelt blir kjøpt, og at ved skolane i Haugesund gir Rogaland 7,5% rabatt på kvar kjøpt elevplass for elevar som er heimehøyrande i Sveio. Den nye avtalen medfører at elevar frå Sveio kommune i Hordaland kan søkje plass ved vidaregåande skular i Rogaland. Vidare kan elevar frå Etne kommune i Hordaland søke plass ved vidaregåande skular i Rogaland, under

føresetnad av at Etne vidaregåande skule ikkje gir tilbod om dei same kursa. Avtalen er tre-årig frå skuleåret 2005/06, men kan forhandlast kvart år dersom eitt av fylka krev det.

Det blir teke sikte på å vidareutvikle samarbeidet innanfor vidaregåande opplæring mellom dei to fylka. Dette kan m.a. vere utgreiing av eventuelt fritt skuleval mellom dei to fylka, internasjonalisering og "Kunnskapsløftet" / "Kultur for læring".

Etne vidaregåande skule skal tilby utdanningsprogram innanfor media og kommunikasjon og teknikk og industriell produksjon. Rogaland skal betale for plassar i Etne etter dei same reglane som gjeld for Hordaland sine elevar i Ølen.

Sogn og Fjordane og Hordaland

Også mellom Sogn og Fjordane og Hordaland har det i lang tid vore avtale.

Elevar i Sogn og Fjordane som ønskjer opplæringstilbod som vert gitt i heimfylket, skal primært søkje dette her. Fylkeskommune kan tilby alle grunnkurs i vidaregåande opplæring, og kjøp av elevplassar utanfor fylket gjeld såleis i størst grad elevar som skal byrje på VKI eller VKII.

Størstedelen av Sogn og Fjordane fylkeskommune sitt kjøp av elevplassar går føre seg i Hordaland fylkeskommune. Mellom dei to fylka vert det årleg halde drøftingsmøte om kjøp og sal av elevplassar, og det er etablert eit godt samarbeid.

For komande skuleår er det no framforhandla ein ny avtale om kjøp av elevplassar i Hordaland ("Hordalandsavtalen")¹. Avtalen gjeld inntak av elevar frå Gulen, Solund og frå Gudvangen i Aurland kommune. Elevar frå Gulen og Solund kommunar kan søkje plass ved Austrheim vidaregåande skule, medan elevar frå Gudvangen skulekrins i Aurland kan søkje plass ved dei vidaregåande skulane på Voss.

Vilkåra for å nytte seg av denne avtalen er utelukkande knytt til geografi. Føremålet med avtalen er såleis å syte for at ikkje fylkesgrensene vert eit hinder for at den einskilde eleven som ønskjer det skal kunne bu heime lengst mogleg, og samstundes ha høve til å ta til i vidaregåande opplæring.

Samla kjøp av elevplassar i Hordaland i 2004 kosta Sogn og Fjordane fylkeskommune om lag 6 mill. kr. Rundt 4.1 mill. kr. vart nytta på elevar som fekk plass gjennom gjeldande avtale. Ved kjøp av plassar i Hordaland, i dei tilfella der elevar nyttar seg av "Hordalandsavtalen", er det ein føresetnad at elevane dagpendlar mellom heimstaden og lærestaden.

Møre og Romsdal

Søknader om gjesteelevsgaranti for dei som bur i utkantane av fylket er av eit så lite omfang at det ikkje er noko problem.

Om ein får søknad om å stille gjesteelevsgaranti frå desse søkjarane, vert vedtak fatta i utdanningsutvalet i år 2000 lagt til grunn for saksbehandlinga:

Dersom du kan dagpendle til ein skule i Møre og Romsdal som har det tilbodet du søkjer, oppfyller du ikkje kravet til gjesteelevsgaranti (reisetid max. ca. 60 min.). Kan du ikkje dagpendle i Møre og Romsdal, men dette er råd til tilsvarande tilbod i eit nabofylke, så vil det bli vurdert om du kan få gjesteelevsgaranti, slik at du kan vere med og konkurrere på lik linje med søkjarane frå det fylket du søkjer om skuleplass i.

¹ Vart handsama i fylkestinget i Sogn og Fjordane fylkeskommune i 06.01.05, og er framme til handsaming i fylkesutvalet i Hordaland fylkeskommune 16.02.05.

Konklusjon

Utfordringane kring gjesteelvar er ulike i dei fire fylkeskommunane. Det kan sjå ut som om at det to-sidig vert arbeidd godt og konstruktivt med dei ulike problemstillingane som følgjer av at elevar må reise over fylkesgrensene får å få utdanning i den vidaregåande skulen.

Sogn og Fjordane fylkeskommune
Askedalen 2, 6863 Leikanger
Sentralbord: 57 65 61 00
SakshandsamarLars Hustveit
Tlf.dir.: 57 65 62 52
E.post:
lars.hustveit@sf-f.kommune.no

Notat

Frå: Fylkesrådmannen

:

Til: Vestlandsrådet

Kopi til:

Vår ref. (nyttast ved korrespondanse)
Ark.nr.: 05/00005/L.nr: 000060/05

Dykkar ref.

Dato
LEIKANGER, 10.02.2005

STRATEGI FOR NYE OPPDRETTSSARTAR PÅ VESTLANDET

Føremålet med dette notatet er i informere om det vidare arbeidet i sekretariatet i høve sak 5/05 "Strategi for nye oppdrettsartar på Vestlandet".

Vestlandsrådet sitt vedtak i sak 5/05 vart sendt Fiskeri- og kystdepartementet 8. februar og gjennomgått i møte med departementet dagen etter. Møtet var positivt. Departementet er interesserte i ei regional rolle i framtidig marin næringsutvikling. Dei ville vurdere ein "tekstboks" der Vestlandsrådet si satsing på nye artar vart nemnt.

Vestlandsrådet sitt vedtak og ønskje om "Vestlandsprogrammet for nye oppdrettsartar" vart teke opp med Noregs Forskningsråd i møte 3. februar. Viktige tilbakemeldingar frå dette møtet er at dei prioriterer torsk som ny art. Forskningsrådet var lite budd til å regionalisere verkemiddel innan si nye havbruksatsing, men vil likevel bidra fagleg til vår programutvikling og samarbeider gjerne med Vestlandsrådet i arbeidet med å auke rammene til havbruksforskninga.

Næringsgruppa har valt å etablere ei fagleg ressursgruppe for å drive fram arbeidet i 2005. Arbeidsgruppa skal:

- Lage utkast til ein kommunikasjonsplan (lobbystrategi med argument, oversyn over viktige prosessar og tidsfristar, med meir) som etter planen skal vere klar til Vestlandsrådet sitt april møte
- Lage innspel til stortingsmelding om marin verdiskaping for Vestlandsrådet
- Planlegge eit forprosjekt som skal leie fram til "Vestlandsprogrammet for nye oppdrettsartar". Forprosjektplan er tenkt lagt fram for Vestlandsrådet i junimøtet. Ein ser føre seg følgjande framdrift:
 - Førebuingsfase (Januar-juni 2005)

- Forprosjekt (Juni 2005- 1. kvartal 2006) for å utvikle innhald og struktur i programmet.
- Program for nye oppdrettsartar på Vestlandet (2006-2012)
- Førebu ein næringskonferanse om nye marine artar i september 2005

Nærare om førebuingfasen

Det er avgjerande å kartlegge aktørar, nettverk og pågåande aktivitetar i Vestlandsfylka innan tema nye marine artar. Ein skal utifrå dette identifisere og velje dei ressurspersonar som vil vera aktuelle som deltakarar inn i forprosjektet. Ein må her dekke fagleg, organisatorisk og finansiell kompetanse.

Vidare tek ein sikte på å arrangere eit fagseminar

- Her bør ein involvere nøkkelpersonar i regionen med kompetanse innan nye marine artar. Dette vil markere starten på eit samarbeide om utvikling av nye marine artar, og å knyte forskning, næring og forvaltning saman med hovudfokus på nye marine artar på Vestlandet.
- Seminaret skal identifisera utfordringar av politisk karakter, av forvaltningsmessig karakter, samt dei næringsmessige utfordringane som ein møter i arbeidet med å utvikle ei ny marin næring. Desse innspela skal det arbeidast vidare med i forprosjektet.

Det må også haldast eit "toppmøte" med tema "Marin satsing på Vestlandet". Føremålet for møtet vil vera å forankra arbeidet med marin satsing hjå dei respektive organisasjonar/institusjonar/miljø. Ein må her skape fotfeste og gjennomslag for tanken bak programsatsinga. Deltakarane på møtet må og diskutere finansieringa av forprosjektet.

Med helsing

Per Drageset
Fylkesrådmann

Mottakar (ar)
Vestlandsrådet

Skriftleg O-sak nr. 16/04

Vår dato:
19.01.2005

Vår referanse:
2005/00013 - 1

Artikkode:
313.02

Deres dato:

Deres referanse:

Vår sakshandler:
Geir Knutson



Vestlandsrådet
v/fylkesordfører Nils R. Sandal
Postboks 7900
5020 BERGEN

NORD OG FÆRDSANE FYLKESKOMMUNE		
SENTRALBUDM FYLKESRÅDET		
05/00022	002	000071/05
25 JAN 2005		
023 140		
VRÅD		

NASJONALE REGULERINGER AV FISKERIENE – REGULERINGSRÅDET.

Landsdelsutvalget for Nord-Norge og Nord-Trøndelag (LU) har over tid arbeidet med å få regionalt nivå representert i Reguleringsrådet. Arbeidet har gitt resultater i at Kommunenes Sentralforbund (KS) har tildelt LUs leder fast plass med stemmerett i Reguleringsrådet. Jeg er også representant i Norsk-Russisk Fiskerikommisjon på vegne av KS. Nestleder i LU, fylkesordfører Helga Pedersen, er min vara.

Det vises til vedlagte notat, og vår plan om å etablere en arbeidsgruppe i LU-området rundt dette arbeidet.

Det er en utfordring for meg å kunne representere regionene samlet i Reguleringsrådet. Jeg ønsker derfor innspill fra Vestlandsrådet i forkant av de fremtidige møter: En slik kontakt og et slikt arbeid kan primært foregå i dialog mellom de to landsdelsorganisasjonene, normalt gjennom kontakt mellom sekretariatene/administrativt fiskeriansvarlige.

Som kjent er Sør-Trøndelag og Agder-fylkene ikke med i landsdelsorganisasjoner, og kontakt mot disse fylker må også ivaretas. Det kan vi komme tilbake til.

Jeg ber Vestlandsrådet ta stilling til om de ønsker en slik kontakt opp mot mitt arbeid i Reguleringsrådet, og er åpen for innspill i forhold til dette og kontaktformen.

Ta gjerne kontakt med meg eller LU-sekretariatet om det er noe.

Med vennlig hilsen


Geir Knutson
Leder

Kopi til: Fylkesordfører Helga Pedersen, Finnmark
Fylkesrådsleder Paul Dahlø, Troms
Fylkesrådsleder Alf Daniel Moen, Nord-Trøndelag

Notat



Vår dato:
19.01.2005

Vår referanse:
2005/00013

Arkivkode:
313.02

Deres dato:

Deres referanse:

Vår sakbehandler:
Eirik Fiva

LANDSDELSUTVALGETS LEDER GEIR KNUTSON ER VALGT INN I REGULERINGSRÅDET.

BAKGRUNN

Fiskeri- og Kystdepartementet fastsetter de årlige nasjonale reguleringer av fiskeriene. I forkant av dette er det ført en prosess med kvoteforhandlinger med andre nasjoner der en har felles bestander, anbefalinger fra Reguleringsrådet og Fiskeridirektoratet, innspill fra ulike interesseorganisasjoner samt politiske føringer.

I Reguleringsrådet drøftes det blant annet om fordelinger av kvoter på ulike fartøygrupper og fartøynivå, periodisering av fisket, bifangstbestemmelser. Reguleringsrådet gir så en anbefaling til fiskerimyndighetene som fastsetter endelige reguleringer.

Landsdelsutvalget har over tid arbeidet med å få regional representasjon i Reguleringsrådet. Med bakgrunn i dette er LUs leder, fylkesrådsleder Geir Knutson oppnevnt som representant i Reguleringsrådet. Han er oppnevnt av KS som representant for det regionale Norge.

Hvorfor deltakelse?

Man kan påvirke beslutningene i Reguleringsrådet, og samarbeide i utvalget om fordelingsløsninger o.a. som gagnar det regionale Norge.

- Arbeidet i forbindelse med Reguleringsrådet er relevant til arbeidet i Norsk-Russisk fiskerikommisjon
- Stor debatt om mer regional politisk innflytelse på fiskeripolitikken, jfr. prosjektet "Fiskeripolitikk med Finnmarksvri"
- Raske og store endringer i fiskeripolitikken hvor flere fiskerisamfunn taper på utviklingen
- Gjennom forberedelse til Reguleringsrådet opparbeides det fiskerikunnskap (problemstillinger, forslag og argumenter) og nettverk som LU og regionalpolitikkerne kan få tilgang til i øvrig arbeid, som ikke minst LU kan ta opp i andre anledninger

Organisering av arbeidet

Det er viktig å gjøre en grundig og god jobb fremover for å få oppmerksomhet og tillit til regionalpolitiske standpunkter. Videre har det på regionalt nivå ved flere anledninger krevd mer innflytelse og medbestemmelse på fiskerispørsmål. Det må derfor bygges et apparat (arbeidsgruppe) rundt Knutson som regionenes representant. Arbeidsgruppen kan utarbeide relevante forslag, problemstillinger og argumenter.

Knutson ønsker at LUs sekretariat leder arbeidsgruppen i LU-området og er tilgjengelig som rådgiver for representanten i Reguleringsrådet.

Det foreslås at arbeidsgruppen ledes av fiskeriansvarlige hos LU og at gruppen ellers består av fiskeriansvarlige hos de fire eierfylkene. Det kreves tilført økonomiske midler for å kunne gjennomføre arbeidet slik det er tenkt i denne skissen. Størrelsen og hvem som skal finansiere dette må diskuteres nærmere. Landsdelsutvalget vil være en opplagt bidragsyter – også økonomisk.

Siden det kun er en regional representant i Reguleringsrådet må det sees på hvordan kontakten med andre deler av kyst-Norge skal ivaretas.

FREMDRIFTSPLAN

Nedenfor foreslås hvordan en går frem for å etablere en arbeidsgruppe som består av flere medlemmer og hvordan arbeidet tenkes gjennomført.

Hva er Reguleringsrådet?

Opparbeide seg kunnskap om Reguleringsrådet gjennom;

- Innhente oversikt over informasjon
 - Departement og direktoratsider
 - Møte med Sametinget
 - Møte med for eksempel Kystfiskarlag/Norges Fiskarlag/FHL
 - Andre institusjoner med slik kompetanse
 - møter, foredrag
- Reguleringsrådets struktur og arbeidsform
-

Etablering av arbeidsgruppe

- Utvelgelse av representanter
 - Siden representasjonen i Reguleringsrådet består av en representant som representerer det regionale nivået for hele nasjonen, foreslås det at det velges representanter utenfor LU-området. Det kan for eksempel være saksbehandlere som organiserer arbeidet med regulerings spørsmål i Vestlandsrådet.
- Arbeidsform
 - Møter, telefonmøter og e-mailer
 - Møter i forbindelse med seminarer og andre reisevirksomheter (fiskerimesse, marinkonferanse og lignende)
 - Ved særskilt behov egne fysiske møter.
 -

Fremdriftsplan frem til reguleringsmøte

- Arbeidsgruppen gjennomgår fiskerireguleringene og utarbeider relevante problemstillinger, forslag til løsninger og argumenter ved hjelp av;
 - egne, kommuner, interesseorganisasjoner
- Arbeidsgruppen analyserer Reguleringsrådets medlemmers standpunkter og søke å finne områder med felles syn og samarbeide om disse (allianser);
 - direkte kontakt (møte med eks. Sametinget, Norges Kystfiskarlag, FHL)
- I komplekse saker kan det tenkes at en studerer nærmere på konsekvenser av reguleringer
 - Konsekvensutredninger

Forberedelse til møte i forkant av Reguleringsrådet

- Grundig gjennomgang med politiske representanten
 - det tenkes også å gi informasjon etter behov underveis i arbeidet
- Diskutere saker med andre medlemmer (eks. Sametinget, Norges Kystfiskarlag, FHL)
- Møte med sentrale myndigheter i forkant av møte i Reguleringsrådet

Evaluering

- Det må foretas evaluering av arbeidet innen sommeren 2006

Bodø, 19. januar 2005

Eirik Fiva
Direktør

Saksbehandler: Stian Jensen

VESTNORSK NETTVERK

HiA, HSH, HiB, HSF, HSM, HVO, HiÅ, UiB, UiS

Vestlandsrådet
Fylkesrådmannen
Sogn og Fjordane fylkeskommune
6863 Leikanger

SOGN OG FJORDANE FYLKESKOMMUNE		
SENTRALADM. FYLKESSTABEN		
05/0023	003	000070/05
26 JAN 2005		
KODAT	000	
SARNO	VRÅD	GRAD
01	01	01

Samarbeid mellom Vestlandsrådet og Vestnorsk nettverk

Vestnorsk nettverk – VNN – som er eit samarbeidsorgan mellom statlege høgskular og universitet f.o.m. Agder t.o.m Møre og Romsdal – har ei tid no diskutert spørsmål omkring eit mogleg samarbeid mellom VNN og Vestlandsrådet – VR.

Samarbeidet på Vestlandet var oppe som drøftingssak på vårt siste møte i Bergen 07.12.04, og til orientering legg eg ved referatet frå møtet som gjeld denne saka. Eg viser særleg til pkt. D i referatet som gjeld mogleg samarbeid med Vestlandsrådet. Eg gjer merksam på at referatet ikkje er eit vedtaksreferat men meir ei oppstilling av moment og synspunkt som har vore framme i diskusjonane.

På bakgrunn av drøftingane i VNN i desember 04 og på bakgrunn av m.a VR sitt arbeid og vedtak i møtet 12.01.05, vender VNN seg no til VR med sikte på å koma i meir formell kontakt med Rådet. Eg viser her også til tidlegare uformelle kontaktar mellom VNN-representantar og VR.

I den vidare kontakten ønskjer vi å diskutera nærare på kva måte VNN og dei deltakande institusjonane eventuelt kan koma med i det utgreingsarbeidet VR vil gjera fram mot sommaren 05. Eg viser her til vedtaket i VR 12.01.05 der det i pkt. 1 heiter: *Med utgangspunkt i dei innspela som følgjer vedtaka i fylkestinga i Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane, blir det starta arbeid med ei utgreiing i regi av Vestlandsrådet.*

VNN er kjent med at m.a fylkestinget i Sogn og Fjordane i sitt vedtak om saka har peikt på at: *Utgreiinga må sjå på tilhøvet og samhandlinga med kommunar, næringsliv, kompetansmiljø og andre sentrale utviklingsaktørar.*

Institusjonane innan VNN er med sine kompetansmiljø heilt sentrale utviklingsaktørar på Vestlandet og bør også av den grunn kunna ha ei rolle i dei komande utgreiingane. Institusjonane arbeidet på eit vidt felt av høgare utdanning og fou med stor relevans for utviklinga i regionen, og der kontakt og samarbeid med VR kan vera positivt. Som døme på ei aktuell sak i VR der vår rolle som utviklingsaktør i høgste grad er aktuell, viser vi til Rådet sitt vedtak i sak 05/05 – Strategi for nye oppdrettsartar på Vestlandet der det i pkt. C m.a heiter: *Greie ut modell for samarbeid om utvikling av nye oppdrettsartar på Vestlandet. Moglege alternativ kan vere eit Vestlandsnettverk av kompetansmiljø med fokus på nye marine artar i oppdrett eller etablere eit "Senter for nye oppdrettsartar" på Vestlandet.*

Som kjent arbeider fleire av VNN-insitusjonane med akvakultur og marin biologi, og vi ser difor ovanstående som eit konkret døme på eit saksfelt der VNN og VR bør samarbeida i forhold til ei oppfølging av VR sitt siterte vedtak.

Eit anna døme med referanse til aktuelle VR-saker er vedtaket i sak 06/05: Handlingplan for Vestlandsrådet – utviding innan områda landbruk, reiseliv og prosessindustri. Også dette er område der fleire av institusjonane i VNN driv utdanning og fou og der kontakt og samarbeid med VR vil vera positivt.

VNN har tidlegare også hatt munnleg kontakt med VR sitt sekretariat der spørsmålet om å arrangera ein konferanse i samarbeid med VR om høgare utdanning i regionen har vore diskutert. Sett frå VNN si side kan tema for ein slik konferanse m.a vera VNN-institusjonane sin plass i ein ny distrikts- og regionalpolitikk, og drøfting av spørsmålet om korleis vi kan skapa robuste, relevante og nyttige fagmiljø til beste for regionen. I kontakt med VR vil vi gjerne diskutera nærare spørsmålet om ein slik felles konferanse i 2005.

På bakgrunn av ovanstående ber vi om eit møte mellom arbeidsutvalet for VNN og sekretariatet for Vestlandsrådet. Problemstillinga på møtet bør vera spørsmålet om korleis vi kan koma vidare i forhold til dei moment vi har teke opp i dette brevet.

Arbeidsutvalet for VNN er rektor Johs. Thaule – Høgskulen i Sogn og Fjordane – leiar og prorektor Rune Nilsen – Universitetet i Bergen. Sekretær for arbeidsutvalet og VNN er rådgjevar Lars Helge Nilsen – Universitetet i Bergen. Svar på dette brevet med forslag til møtetidspunkt kan sendast underteikna med adresse Høgskulen i Sogn og Fjordane, Postboks 133, 6851 Sogndal.og til rådgjevar Lars Helge Nilsen med adresse: Seksjon for studiekvalitet, Universitetet i Bergen, Professor Keysersgt. 6 B, Postboks 7800, 5020 Bergen. Aktuelle møtestader kan vera Sogndal/Hermansverk eller Bergen.

HSF – Sogndal – 21.01.05

Helsing



Johs. Thaule

Leiar i arbeidsutvalet for VNN

Referat fra VNN sitt møte i
Bergen - des. 04

• D. Samarbeid med Vestlandsrådet.

Det var utsendt dokumenter fra Vestlandsrådets møte 6.10.2004 og et saksframlegg til Fylkestinget i Sogn og Fjordane som gikk på oppfølging av de aktuelle sakene i Vestlandsrådet (VR). Ut frå de prosessene som VR legger opp til, gikk Johs Thaulé nærmere inn på to aktuelle samarbeidsområder:

